

Hardangerviddatunnelene AS  
Simadalsvegen 1  
5783 Eidfjord  
Tlf 90944980  
[post@hardangerviddatunnelene.no](mailto:post@hardangerviddatunnelene.no)  
[www.hardangerviddatunnelene.no](http://www.hardangerviddatunnelene.no)

## **Pressemelding frå Hardangerviddatunnelene AS 01. mars 2018**

### **Lågehætunellen på Hardangervidda mellom Halne og Skulevika innan rekkevidde.**

#### Hovudvegen Rv 7 Hardangervidda.

Stortinget har bestemt at Riksveg 7 Hardangervidda skal vera ein hovudveg aust - vest for reiseliv og persontrafikk. Siste åra har det vore om lag 1000 timar stenging/kolonnekøyring på Vidda i vinterhalvåret. Slik kan ein hovudveg ikkje ha det. To av Noreg sine største reiselivsregionar, Hardanger og Hallingdal, har stort vekstpotensiale for heilårsturisme, men er avhengige av forutsigbar heilårsveg på Rv7 Hardangervidda.

#### Miljøtunellar er løysinga.

Hardangerviddatunnelene AS er opptatt av å koma igang med oppgradering oppe på Vidda og støttar konseptet K2 i KVVU for Hardangervidda med 5 kortare miljøtunellar på fjellovergangen. Tunellane følgjer i hovudsak eksisterande vegtrase og kan byggjast ut etappevis. Nye tunellar tilfredstiller vegen som effektiv Transportveg, oppleving i Nasjonal Turistveg, tilkomst for Fjellvandring og grunnlag for Fjellnæringar. Dei 5 tunellane etablerer ikkje minst naturlege overgangar i villreinen sine dokumenterte trekkruiter. 1000 timar i året med stenging/kolonnekøyring kan verta nesten borte med tunnelloysingane på Vidda.

#### Bruk avsette 300 millionar kroner oppå Hardangervidda

I Handlingsdelen i Nasjonal Transportplan 2018-2023 er det avsett 300 millionar kroner til Rv 7 i planperioden. Statens Vegvesen tilrår å bruka desse langs Krøderen i Buskerud. Hardangerviddatunnelene meiner at dette ikkje er i tråd med grunntanken i Stortinget om rv. 7 Hardangervidda som hovudveg aust-vest eller grunnlaget til Vegpakke Hallingdal. I sine uttalar til Handlingsdelen for NTP 2018-2023 har Fylkestinga både i Buskerud og i Hordaland tilrådd å bruka dei avsette 300 millionar kroner oppe på Hardangervidda mellom Haugastøl og Leiro. Her vil dei gje størst effekt. Det er berre tiltak på sjølve fjellovergangen som vil gje ein forutsigbar heilårsveg for trafikantane.

#### Lågehætunellen er innan rekkevidde.

Med dagens tunellkostnader vil 300 millionar kroner kunna løysa den første av dei 5 tunellane. Lågehætunellen er tunell nummer 2 frå vest. Den ligg mellom Skulevika og Halne i Eidfjord kommune midt på vidda mellom Leiro og Haugastøl. Tunellen er stipulert til 1,75 kilometer lang. Prisen vil vera innanfor løyvinga. Lågehætunellen vil avlasta eit av dei verst vêrutsette vegpartia på Hardangervidda. Ein slik sikringstunell midt på vidda vil kunna dela opp brøytetrekninga vinterhalvåret og skapa ein tryggare overfart. Nærleiken til Halne Fjellstove som sikringsbu gir ei naturleg plassering av den første tunellen på Hardangervidda.

Planleggingstida før byggestart kan bli 2-3 år. Derfor er ein avhengig av å koma fort i gang med arbeidet. Hardangerviddatunnelene AS har som målsetjing at trafikantane får køyra gjennom Lågehætunellen innan 2023.

Me set vår lit til at lokale, regionale og sentrale aktørar samordnar og prioriterer første steg på ein vintersikker Hovudveg for reiseliv og persontrafikk aust – vest over rv. 7 Hardangervidda.

Voss 01.03.2018

For Hardangrviddatunnelene AS

  
Anved Johan Tveit - Styreleiar

Vedlagt skisse K2 alternativet frå Statens vegvesen.

Send til:

Lokalavisene: Hallingdølen, Hordaland Avis, Hardanger Folkeblad, Hordaland Folkeblad,  
Bergensavisen

Regionavisene Bergens Tidende og Drammnes Tidende

Kopi til:

Samferderselsdepartementet ved Statsråd.

Statens Vegvesen v/Vegdirektoratet

Hordaland Fylkeskommune v/Fylkesordførar

Buskerud Fylkeskommune v/Fylkesordførar

Bergen kommune v/Byrådsleiar

Hordalandsbenken på Stortinget med kopi til representantane

Buskerudbenken på Stortinget med kopi til representantane

Kommunane i Hallingdal og Hardanger ved Ordførar